



**HÅKON
DEN GODE**

HÅKONARSPELA

Av Johannes Heggland

Musikk: Jostein Stalheim, Knut Vaage

Ouverturen «Håkonsiana», Ketil Hvolslef

Regi: Otto Homlung




Foto: Finn Rune Engelsen

Kystsoge vekene 99

Stiftinga Kystsogevekene
i samarbeid med kommunane
Gulen, Bergen, Fitjar og Lindås.

Støtta av Hordaland Teater og
Sogn og Fjordane Teater.

«Kong Adalsteinfostre i Gula»
Flolid / Eivindvik:
Laurdag 7. og sundag 8. august kl. 15.00

«Kong Adalsteinfostre»
Haakonsvern:
Laurdag 14. august kl. 15.00

«Kongen med Gullhjelmen»
Håkonarparken / Fitjar:
Laurdag 21. og sundag 22. august kl. 15.00

«Håkonarvarde»
Håkonshaugen / Seim:
Laurdag 28. og sundag 29. august kl. 16.00



Billettar på posten/tlf: 815 33 133 og ved inngangen

Kystkultur - tradisjon og utvikling...

SpareBank 1 Vest

Kjære publikum og medarbeidarar!

Alle mennesker har i seg ein tusen år lang tradisjon. Den utrulege mengde av røynsler og kunnskapar som slekter før oss bygde sitt liv på, har vi fått i arv. Derfor er alle mennesker så verdifulle – så sentrale i det fellesskapet som i sum er våre tradisjonar, og derfor er vi alle så fenomenalt sentrale i det samarbeidet som skal grunnfeste og føre vidare alle desse små og store enkeltfaktorane som samla er våre bygder – heile det verdigrunnlaget vi eig saman.

Tenk på alt det dramatiske i vår soge – i vår kulturarv. Tenk også på alle dei store stundene – dei stolte hendingane då folket sto saman. Og vi skal heller aldri gløyme alle gode stunder – alle venlege ord –all den kjærleik som bygde landet.

Kystsoge-vekene er ein sammennar for alt dette.

Håkon den Gode var ein mann av si tid, og vi tuftar enno våre handlingar på dei lover han ville folket skulle halde seg til. Etter han vaks det opp nye generasjonar. Kvinner og menn som ga arven vidare nypussa og endå sterkare. No er timen vår. Og vi må aldri skusle bort det andre i tider før oss har gitt oss til eige.

Så lenge det er pust i meg skal eg stå på skansen for vår kultur-ark. Og eg veit så inderleg vel at tusen andre tenker som meg – og då er vi sterke. Diktar-høydingen Johannes Heggland har gitt oss heile dramaet rundt Håkon – den gode kongen. Hans diktning skal inspirere og motivere til ærefult arbeid også for alle dei små hendingane som skapte ein vestlandsk identitet. Og innebakt i den vestlandske folkesjela ligg eit internasjonalt sinne-lag som løftar våre tradisjonar opp på eit plan der forståing og aksept er fine ingrediensar.

Så mönstrar vi all vår dugnad dette året også – med blikket festa på endå eit nytt og ubrukt tusen-år. Det er alle oss, saman med vener i eit tenkande Europa, som skal gi dette tusen-året eit godt innhald. Men i første rekke er ansvaret vårt.

Stiftinga Kystsogevekene


Ragnhild Randal
dagleg leiar

JOHANNES HEGGLAND - forfattar

er fødd i Tysnes i 1919. Han har markert seg som ein av våre fremste og mest produktive nolevande forfattarar. Han har skrive ei lang rekke romanar og barnebøker, og har nådd fram til eit stort publikum med roman-seriane *Brødet frå havet*, *Seglet og vinden* og ikkje minst med serien om Karjana, som vart avslutta med boka *Det stutte livet* i 1992. I 1994/95 utkom dei to første romanane i ein serie han har kalla *Jordparadiset*. Hausten 98 gav Heggland ut notidsromanen med tittelen *Sjå kor dei elskar kvarandre*. Heggland har skrive manus til fleire kjende sogenespel, mellom anna til *Mostraspelet - Kristkongane på Moster*. I syklusen på fire spel om Håkon den Gode får vi igjen oppleva Hegglands evne til å gi fortida liv. Svært få kan fortelja slik som Heggland, og knapt nokon kan skildra folk og lynne frå våre kantar som han.




foto: Løtvedt

1999 er Johannes Heggland sitt år. Diktaren er 80 år og skaparkrafa er sterkt og ideane mange. «Personane kjem ferdige til meg». Heimkommunen Tysnes presenterar i år utstillinga om livet hans – eit kunstnarliv med ein fasinerande produksjon og enorm breidde – i Bergen, Seim, Fitjar og Moster i samband med Kystsogevekene 99. På ein stor kulturfest for diktaren i juni i år gav Johannes Heggland ei gáve til heimkommunen sin – sogenespellet «Olavsgildet på Onarheim».

Kystsogevekene 2000

Vert opna laurdag 5. august på Bergenhus festning

Da vil fleire hundre aktørar vise Håkon den Gode sitt liv «fra vogge til grav» i eit samla spel ved Håkonshallen.

Enno ein gong skal Håkon den Gode vere hovudperson på historisk grunn i Bergen.

VELKOMEN IGJEN NESTE ÅR!





foto: Norsk Musikk-informasjon

KETIL HVOSLEF - komponist

(f. 1939) er utdanna ved Bergen Musikkonservatorium med orgel og bratsj som hovedinstrument. Han tok organisteksamen i 1962. I 1964 debuterte han som komponist med *Concertino for klaver og orkester*. Han har skrive det symfoniske diktet *Mi-Fi-Li*, ei rekke solokonsertar for klaver, trompet, kontrabass, fiolin, fagott, cello, store orkesterverk som *Concertino for orkester*, *Antigone* og *Il compleanno*. Han har skrive kammermusikk, musikk for scenen og for TV-produksjonar. Hvoslef har to gonger motteke Norsk Komponistforenings pris «Årets verk» - i 1978 for *Concertino for orkester* og i 1985 for *Il compleanno*. Han var festspelkomponist ved Festspillene i Bergen i 1990.



KNUT VAAGE - komponist

(f.1961) bur og arbeider i Bergen. Han er utdanna frå Bergen Musikkonservatorium og frå private komposisjonsstudium. Knut Vaage har skrive solo-, kammer- og orkestermusikk og er mellom anna blitt framført av Bergen Filharmoniske Orkester. Han har også fått framført verk på festivalar i inn- og utland. Som teaterkomponist har han mellom anna hatt fleire oppdrag for Den Nationale Scene. For Hordaland Teater har han tidlegare skrive musikk til festspelframsyninga *Peer Gynt*.




foto: Norsk Musikk-informasjon

JOSTEIN STALHEIM - komponist

(f.1960) har studert komposisjon ved Det kgl. danske Musikkonservatorium og Norges Musikkhøgskole. Alt som 17-åring fekk vossingen framført komposisjonar i fjernsyn og radio. Han har vunne internasjonale priser for sin musikk og vore gjestekomponist ved fleire festivalar i Europa. Verket *Tangoni* vart juryert av den internasjonale komité for ISCM (Ny Musikk) sept. 96. Han har skrive musikk til fleire sceniske prosjekt (opera/ballett/theater) – mellom anna for Det kgl. Teater og Jytte Abildstrøms teater i København, Autunnale, Den Nationale Scene, Hansadagene, Bergen Komedie teater og Hordaland Teater. Som akkordeonist har Stalheim markert seg internasjonalt som solist med orkestre, på festivalar, CD-plater og i fjernsyn. Stalheim er no i gang med fleire større sceniske prosjekt m.a. operaen *Dronningen av Saba*; eit samarbeidsprosjekt som er støtta av Norad.



OTTO HOMLUNG - instruktør

blei etter universitetsstudier ansatt ved den Nationale Scene i Bergen i 1967. Han hadde sin debut som instruktør i 1968 - og var avbrutt av permisjoner med regioppgåver ved andre norske teater - tilknytta teateret i Bergen fram til 1978. Tilsammen 12 forestillingar var han ansvarleg for - i tillegg til arbeidet som pressesekretær og dramaturg. I perioden 1975-84 var han frilans sceneinstruktør med oppgåver ved dei fleste av landet sine teater. Etter to suksessrike periodar som teatersjef ved Trøndelag Teater (1984-89) og deretter Det Norske Teateret (1990-97) - er han no ansatt på Det Norske Teateret som dramaturg og instruktør - i tillegg til oppgåver også ved andre teater. Komande sesong er han ansvarleg for eigen nydramatisering og regi på Johan Falkberget's *Den fjerde nattevakt* på Riksteateret, i tillegg til andre oppgåver på Den Nationale Scene og Det Norske Teater.




foto: Siri Wahlen
Simonsen

RAGNHILD RANDAL - prosjektleiar

er ein initiativtakar av dei sjeldne, særleg når det gjeld å fremja Vestlandskulturen. Ho har vore instruktør for meir enn 40 ulike teaterstykke og starta Bømloteateret der ho var kunstnarleg leiar i 17 år. Ho har sett saman, tilrettelagt og instruert fleire kabaretar frå Vestlandsmiljø og er rekna som ei mor for *Mostraspelet*. Ho var blant initiativtakarane til *Prosjekt Vestkyst* og prosjektleiar i startfasen for Samordningssenteret i Sunnhordland. Frå 1987 til 1995 var ho tilsett ved Hordaland Teater der ho fungerte som høgre handa for teatersjef Anne Gullestad som då også var Riksteatersjef i Oslo. Frå 1995-98 var ho prosjektleiar for *Kulturformidlinga Håkon den Gode*. Ho har motteke fleire priser for engasjementet for kulturen her vestpå





BJØRN A. WILLBERG ANDERSEN

gjekk ut frå Statens Teaterhøgskole i 1988, og har sidan då vore tilsett ved Den Nationale Scene i Bergen. Her har han mellom anna spela Aron i *Love Me Tender*, Peer i *Peer Gynt*, Hjalmar Ekdal i *Vildanden* og Hendrik Höfgen i *Mefisto*. Bjørn A. Willberg Andersen har også arbeidd med film og TV, og medverka mellom anna i dei norske filmane *Draumspel* og *Trollsyn*. Radiolyttarar vil og kjenne stemma hans att som Varg Veum frå Radioteatret sine tre seriar om Gunnar Staalelsen sin loslitte privatdetektiv.



AGNETE G. HAALAND

har gjort stor internasjonal suksess med sine monologar. Hennar monolog om Florence Nightingale har fått strålende mottaking i Sverige, Danmark, Færøyane, Finland, Spania, Chile, USA og England og er sett av over 60 000 tilskodarar. Ho hausta og mykje ros for *Die Flagstad*, ein monolog om Kirsten Flagstad, og for si forestilling om den svenske poeten Karin Boye, Norden Blåe Blome. I 1998 såg 700 millionar kineserar TV-dekninga av hennar premiere på Beijing National Experimental Theatre. Med støtte frå NORAD spelte ho Nora i denne kinesiske oppsettinga av *Et Dukkehjem*. Kvar einaste sommar spelar ho ei av dei kvinnelege hovudrollene i Vestlandets tradisjonsrike utandørs-spel; *Mostraspelet*, *Kinna-spelet* og *Håkonarspela*. TV-sjåarane kjenner henne frå *Vestavind*, *Offshore* og *Blodsband*. Barnepublikummet hugsar henne frå filmane om *Kamilla og tyven*. Ho har spelt store roller i alt frå Ibsen til Egner. M.a. Anne Frank i *Anne Franks dagbok*, Pippi i *Pippi Langstrømpe*, Solveig i *Peer Gynt*, Solblomen i *Splint*, Dorothy i *Trollmannen fra Oz* og Klatremus i *Klatremus og de andre dyrene i Hakkebakkeskogen*. For tida held ho på med innspelinga av *Fire høytider* i NRK, der ho m.a. spelar mot Ghita Nørby. Agnetha har si skodespelarutdanning frå USA og England.



STEIN ARILD ESPELAND

er utdanna musikar, men har vore innom alt frå revyar til seriøs musikkdramatikk. Han har arbeidd ein del med kor, vore dirigent, arrangert kormusikk og trakterer såvel violin som hardingfele. Han har vore tilsett som sivilarbeidar ved Hordaland Teater. Han medverka som skodespelar i framsyninga *Millom bakkar og berg - Eit Ivar Aasen program* ved Hordaland Teater hausten 1996, og han har seinare hatt enkeltengasjement ved teateret. Stein Arild spelar Øyvind Skaldaspille i alle dei fire Håkonarspela i 1997 og 98.



foto: Trygve Schønfelder

KJERSTI WIIK - Kvedar


kjem frå Lindås og har song –og musikkutdanning frå Griegakademiet og Bergen Lærarhøgskule. Ho er ein allsidig utøvar innan både folkeleg og klassisk songtradisjon og har bakgrunn så vel i amatørteater og revyar som i opera og orkesterverk. M.a. spela ho nærare 50 forestillingar med Bellman-musikalen *Är jag född så vill jag leva* i Bergen hausten –97. Kjersti gjev solokonsertar på Troldhaugen, og har hatt konsert under *Festspela i Bergen*. Ho er særstaktiv frilanssolist med konserter både i inn- og utland. Ho har turnert i Danmark, Litauen, Latvia og USA. Kjersti underviser også i klassisk og folkeleg songtradisjon. Ho arbeider aktivt for å gjere kystsongs-tradisjonen tilgjengeleg for folk flest. På CD-en *Strilasølv* frå 1997 formidlar ho sjølvinnksamla folkemusikk frå traktene rundt Bergen. Ny CD med tradisjonsstoff vil føreliggje på marknaden i januar år 2000.



foto: Arne Årseth

LASSE LINDTNER

begynte som barneskuespiller ved Den Nationale Scene. Etter Teaterhøgskulen drog han til Trøndelag Teater og videre til Nationaltheatret. Ved Nationaltheatret har han spelt ei rekke større roller, bl.a. tittelrolla i Shakespeares *Hamlet*. Han har også hatt hovedroller i fleire norske filmar som *Drømme-slottet*. Mange vil også kanskje forbinde han med TV-serien *Vestavind* der han framstilte den ambisjonsrike verksarbeideren Hallvard Nedrebø. Lasse har gjesta Den Nationale Scene i Bergen ei rekke gonger. Bl.a. som professor Higgins i *My Fair Lady* i 1996-97 og sist som kjøpmann Bøsch i *Jan Herwitz*.





JACK MARKUSSEN - scenograf

kjem frå Borg i Lofoten og er utdanna skreddar, men har dei siste fjorten åra etablert seg som ein allsidig teaterkunstnar. Det starta med medverknad i friteatergruppa *Dukkenikkerne*. Med røysle som skodespelar, dokkemakar, kostymedesigner og scenograf er han blitt ein ressursperson i norsk teaterliv. Han er i dag leiar for *Dukkenikkerne*. Frå verkstaden deira i Østre Muralmenning i Bergen blir det laga framsyningar, kostyme og rekvisittar såvel til eige bruk som til samarbeidspartnarar som Hålogaland Teater, Hordaland Teater, Bergen Bypill og Kenneth Dean Productions.

TRUDE BERGH - kostymedesigner

er oppvaksen i Bergen. Ho er utdanna frå kostymelinja ved Statens Håndverks- og Kunstindustriskole og vart tilsett ved systova til Oslo Nye Teater. Ho har ei rekke oppgåver bak seg som kostymeteiknar for mellom anna Oslo Nye Teater, Rogaland Teater og Oslo Dance-ensemble. Ho har jobba med Marianne Forsberg også i tidlegare produksjonar.

MARIANNE FORSBERG - kostymedesigner

er oppvaksen i London. Ho er utdanna frå kostymelinja ved Statens Håndverks- og Kunstindustriskole og vart tilsett ved Oslo Nye Teater. Ho har hatt oppgåver som kostymeteiknar for Oslo Nye Teater, NRK, Seniorteatret og ulike frie grupper. Ho har jobba saman med Trude Bergh i tidlegare produksjonar.

TORUNN LØKEN - maske

er frilans-sminkør og har ansvaret for sminke på ei rad utespel over heile Noreg, mellom anna *Mostraspellet*, *Kinnaspellet* og *Kongens Ring* på Herøy. Ho var i fleire år fast tilsett ved Det Norske Teatret, har ei rekke oppgåver bak seg i storoppsetjingar ved Chateau Neuf og Victoria Teater i Oslo og held kurs i sminke for amatørar over heile landet. Ho underviser også i teatersminke ved Romerike folkehøyskole, Solbakken folkehøyskole og ved drama og kommunikasjonslinja ved Lærerhøgskolen i Oslo.

FETLING - omsveiping, til dømes om sår.

FLEIN - pil med mothakar på.

FLEINFLODI - blodstraumen.

FYRNDEHEIM - i gamal tid.

FØRELOGA - oppgåva.

GRID - heimvist, trygg heimstad.

GÅ HOLM - gå i holmgang.

HEGGENATTA - midtvinternatt, 12. januar.

HILDARLEIK - stridsleik, strid.

HIMMELHESTAR - Torshestane.

HJALT - tverrstykke mellom sverdbladet og skjeftet.

HLAUT - blod.

HLAUTBOLLAR - blotbollar, til offerblod.

HÆRLAUP - innkalling til slag, mobilisering.

HÆRPIL - bodstikka. Hærpila hadde eit reip eller vidjeband hengande i eine enden og kalla alle mann væpna til tings; Ho gjekk frå gard til gard.

HÅSETE - rorskar, matros, styrmann.

JARTEGN - gåva; prov på at ein fer med sanning.

KORMT - Karmøy.

LAGMANN - domar på lagtinget.

LAUSABRYLLAUP - hastverksbryllaup.

LOFDARHORN - Lyderhorn.

LYVJA - lindra, lækja.

MANNA-SKJEPNUR - mannsskapnad.

MEINRÅD - råd til meins og skade.

MUNNGOT - heimebryggja øl.

MUND - gåva, betaling som brudgomen gav for brura, og som ho og fekk.

NIDING - kjeltring, skarv, svikar.

ODINS-REGN - Odinsmjød, diktardrykk (kvad).

OLD - alder, tidsepoke.

PERSOK - per varmstein, 22. februar.

PRIMSIGNING - merkja med kross-teiknet (eit slag førebels kristning).

PÅL APOSTEL - apostelen Paulus

RAUSN - rom mellom framstamn og austerrrom på drakeskip.

SJOARVEG - sjøveg, veg til sjøs.

SKÅLE - stova, storstova.

SOLSKUGGEFJØL - sekstant, vinkelmålar til å måla solhøgda

STORHUNDRA - 120.

SUVL - "Noget fedt og saftigt at æde til Brødet." (Aasen).

SYNDE-SÅLI - syndesjela.

TIGNE - (fl.) tiginborinn, av høg ætt.

TIVAR - hærguden Tyr (fleirtal).

UBOTAVERK - brot som ikkje kan sonast med bot.

URDARBRUNNEN - mytisk brunn.

UTIGNE - (fl.) u gjæve, av lågare stand.

UTLÆG - verta utlæg, landlyst.

VALFADER - allfader.

VELSKE - walisiske

VETE - vedstabel som vart tent på nutar som teikn på ufred.


YGGDRASIL - namnet på allheimstreet.

ÆGIR - sjøguden.

ÆGISLEIKEN - sjøkamp.

DEN NORSKE KONGEREKKJA

- ca 880 - 931 Harald Hårfagre
ca 931 - 933 Eirik Blodøks
ca 933 - 959 Håkon Adalsteins
fostre, den Gode
ca 959 - 974 Harald Gråfell
974 - 995 Danskestyre:
Håkon Jarl
995 - 999 Olav Tryggvason
999 - 1015 Danskestyre:
Eirik og Svein Jarlar
1015 - 1028 Olav Haraldsson den
hellige
1028 - 1035 Danskestyre:
Knut den maktige
1030 - 1035 Danskestyre:
Svein og Alfiva
1035 - 1046 Magnus Olavsson
den gode
1045 - 1046 Samkongedøme:
Magnus Olavsson
den gode og Harald
Sigurdsson Hardråde
1046 - 1066 Harald Sigurdsson
Hardråde
1066 - 1093 Olav Haraldsson
Kyrre
1067 - 1069 Samkongedøme:
Olav og Magnus
Haraldsson
1093 - 1095 Samkongedøme:
Magnus Olavsson og
Håkon Magnusson
Toresfostre
1095 - 1103 Magnus Olavsson
Berrføtt



Paul-Ottar Haga i rolla som Håkon den Gode i "Kongen med Gullhjelmen", Fitjar. Foto: Stein Erik Gilje

OPPHAV: Håkon er fødd kring år 920 som son av Harald Hårfagre og Tora Mostrastong på Håkons-hella utanfor Bergen.

BARNDOM: Han blir oppfostra i England hos kong Adalstein. Her blir han døypt og lærer kristne seder å kjenna.

KONGSNAMN: Harald Hårfagre dør kring 940, og Håkon som er Haralds yngste son, dreg til Noreg for å ta kongsnamn. Etter Snorre er han 15 år gammal då han blir teken til konge av trønderane med Sigurd Ladejarls hjelp. Han driv bror sin, Eirik Blodøks, ut av landet. Med dette er han i namnet blitt konge over heile Noreg.

KRISTENTRU: Håkon bygde nokre kyrkjer og gjorde freistnader på å føra inn kristendomen i Noreg, men møtte krass motstand - frå trønderane ikkje minst. Han gav opp misjonsoppgåva og vart tvungen til å leva på heiden vis og ta del i dei heidenske blotingane.

LOVKUNNIG: Soga seier at Håkon skipa Gula- og Frostatinget, men dei var båe eldre. Rett er at han styrkte retts- og forsvarsskipnaden på våre kantar av landet og utvida tingområda. Påbodet om varde- og leidangsskipnad var ei nyskaping i Gulatingslova.

EIRIKSSØNENE: Håkon måtte fleire gonger verja seg mot Eirikssønene som kravde kongsretten til riket. Dei fekk stønad av danskekongen, og det var nok difor Håkon drog på hærferd til Danmark, der han plyndra og drap for fote. Sidan kom Eiriks-sønene med ein stor flåte nord for Stad medan Håkon låg på Mære. Håkon vann dette slaget.

BANESÅR: Truleg i året 961 kom Eirikssønene uventa over kongefølgjet medan folk sat til bords. Håkon fekk banesår. Han anda ut på Håkonshella der han såg dagsens ljós. Liket vart ført til Seim og gravlagt der.

1103 - 1122	Samkongedøme: Magnussønene Øystein, Sigurd og Olav
1122 - 1130	Sigurd Magnusson Jorsalfare
1130 - 1134	Samkongedøme: Magnus Sigurdsson og Harald Magnusson Gille
1135 - 1136	Harald Gille
1136 - 1157	Samkongedøme: Haraldssønene Inge Krokrygg, Sigurd Munn og Øystein
1157 - 1161	Inge Krokrygg
1161 - 1184	Magnus Erlingsson
1184 - 1202	Sverre Sigurdsson
1202 - 1204	Håkon Sverreson
1204 - 1217	Inge Bårdsson birkebeinerkonge
1207 - 1217	Philippus Simonsson baglerkonge
1217 - 1263	Håkon Håkonsson
1263 - 1280	Magnus Håkonsson Lagabøte
1280 - 1299	Eirik Magnusson
1299 - 1319	Håkon 5. Magnusson
1319 - 1355	Magnus Eriksson, svenskekonge
1355 - 1380	Håkon 6. Magnusson, svenskekonge
1380 - 1814	Dansk-norsk union
1814 - 1905	Svensk-norsk union
1905 - 1957	Haakon 7.
1957 - 1991	Olav 5.
1991 -	Harald 5.

Kjelde: Danielsen m.fl: Grunntrekk i norsk historie, Universitetsforlaget 1991.



Om handlinga i spelet og kort om bakgrunnen for hendingane:

Håkon var utifrå gladvær og lettmaelt og omgjengeleg; han var ein klok mann, og han la mykje vinn på lovgevinga. Han gav Gulatingslova etter samråd med Torleiv Spake og han gav Frostatingslova etter samråd med Sigurd jarl og andre av dei klokaste trønderar, men Heidsævislova hadde Halvdan Svarte gjevi, som før er fortalt.

Frå Snorre


I Eivindvik møter vi den lovkunnige kongen i dei beste åra av si kongstid. Ufreden mellom kongen og broren Eirik Blodøks har roa seg. Eirik har flykta til England med folk og hær. Håkon er såleis teken til konge i heile landet, men heldt seg mest på kongsgardane vestpå, slik far hans gjorde, då visst i sine eldre år.

Håkon drøymer enno om å få landet kristna, men i Gulen er det først og fremst bøtinga av den gamle Gulatingslova som opptek han. Håkon den Gode utvida Gulatinget til også å gi plass for Egdafylke, Rygjafylke og Sunnmørrafylke. Vi møter haslevoller og tingfolket, vi møter storbønder som taler kongen sin imot når det gjeld kristentrua. Varde- og leidangsskipnaden ligg kongen sterkt på hjartet, og dette blir det viktigaste tillegget til Gulatingslova. I Gulen møter Håkon også lagnaden sin i den fagre Gudny Torkjellsdotter som han gjer til frillekona si. Vi møter ein konge som i liv og lynne er merkt av si tid, med sterke band til den kristne oppsedinga han fekk hos kong Adalstein.



Planer om å skifte tak?

- Takstein for Vestlandsklima
- Lang holdbarhet
- Tiltalende profil
- Utkjøring, oppheising på tak
- Garanti mot styrke og tetthet
- Godt forhandlarnett i Hordaland og Sogn og Fj.



HALSVIK
Cementstøperi a/s


5960 Dalsøyra
Telefon 57 78 38 40
Telefax 57 78 38 76



Fra Håkonarspelet
1998



Berse Gudlaus og Kongen.
Foto: Frode Søreide, Ytre
Sogn Avis



«Tinglysing frå Tinghaugen».
Foto: Ingrid Hellwege Haveland



«Aktivitetar i Vikingtunet».
Foto: Frode Søreide,
Ytre Sogn Avis



foto: Terje Hamre

Helsing frå ordføraren i Gulen

Me helsar vel møtt til Gulatinget – til Håkonarspel, Kystsogeveker og fine augustdagar i Gulen.

Kystsogevekene, den store kystkulturmönstringa på Vestlandet, vert opna i Gulen i år. Me er glade for at næringsminister Lars Sponheim vil stå for den offisielle opninga, og såleis markere at kulturtiltak også kan vere god næringsutvikling.

Håkon den Gode si kongegjerning i Gulen, i ei brytningstid mellom den gamle norrøne trua og kristendommen, kan ein kan henda formulera best med den korte setninga: *Med lov skal landet byggjast!* På Gulatinget fekk Kong Håkon endra det gamle lovverket og tingordninga. Viktige mål var å tryggja freden og skape vokster i det nye riket som far hans, Harald Hårfagre, hadde samla. Gulatinglova har i stor grad påverka lovverket som me styrer og lever etter i dag, og som gjer Noreg til eit trygt og godt land å bu i.

Me har førebudd oss i lang tid, og mange i Gulen har lagt ned ein stor dugnadsinnsats for å lage til ein skikkeleg kulturfest. Vel møtt til Kystsogeveker, Gulating og Håkonarspel.

Ola E. Byrknes
- Ordførar -



Silje Skjemstad og Kyrre Eikås Ottersen. Foto: Ingrid Hellwege Haveland.



Gulatingstemna, Eivindvik 1938. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

KYRRE EIKÅS OTTERSEN



er utdanna ved Bergen Teater-skole 1995. Etter endt utdanning har han vore tilsett ved Sogn og Fjordane Teater. Her har han hatt roller i m.a. *Jeppe på Bjerget*, *Tango* og *Ein midtsommernatts draum*. Hausten 1998 hadde han rolla som Nikolai Astrup i Vidar Sanderns *Det kom ein Engel*, medan han i vår har spelt i Jakob Sande-framsyninga *Med helsing Jakob Sande*. Kyrre er i år med i Håkonarspelet for tredje gong.

SILJE SKJEMSTAD



kjem frå Røros. Ho gjekk ut frå Bergen Teater-skole i 1996 og er no frilans skodespelar. Ho har i to år spela hovudroller ved Sogn og Fjordane Teater, bl.a. *Ein midtsommarnatts draum* og *Det kom ein Engel*. Ho har også hatt ei rolle ved Det Norske Teater i revyen *1000 år og like blid*. Silje er med i Håkonarspelet for tredje gong.



Gulatingskoret

er sett saman av organiserte og uorganiserte songarar som kjem frå heile Gulen. Lang veg til korøvingane syner den store interessa for å vere med på den historiske hendinga. Håkonarspelet i Gulen er, også for songen i distriktet.

Manger Musikklag

har i ei årrekke vore Noregs leiande brassband, med sju Noregsmeister-titlar på merittlista, dei fire siste av desse i 1994, 1995, 1996 og 1997! Manger Musikklag er fyrst og fremst eit konsert-orkester. Laget spelar meir enn 30 konsertar i året, konsertar som spenner frå reine show, via storband til konsertar med ny norsk musikk og klassiske konsertar. Laget har arbeidd saman med fleire av Noregs fremste artistar som Ole Edvard Antonsen, Brazz Bros og Øystein Wiik, turnert i Norden og Europa og medverka i ei rekke fjernsynsproduksjonar. Med CD'ane "Circius" og "The binding of the Wolf" har Manger Musikklag markert seg i arbeidet for å fremja norsk musikk. Manger Musikklag arbeider på prosjektbasis med fleire av dei leiande brassdirigentane i Noreg og Europa, og var også i 1997 Håkonarspelet i Gulen sitt musikalske fundament.

Av Johannes Heggland

Musikk: Jostein Stalheim

Ouverturen «Håkonsiana» - Ketil Hvoslef

Regi: Otto Homlungen

Håkon den gode

Lasse Lindtner

Helge Takle*

Tora Mostrastong Agnetha G. Haaland

Ingrid Hellwege Haveland*

Jorunn Skjoldmøy Elin Grytting

Øyvind Skaldaspille Gro Sandnes Vold*

Kongen sin væpnar Stein Arild Espeland

Isleiv Audunsson Agnar Mostrøm*

Gudny Torkjellsdotter Helge Takle

Kyrre Eikås Ottersen

Silje Skjemstad

Signhild Brosvik*

Produksjonsansvarleg inspiserent:

Ingrid Hellwege Haveland

Statistar:

Gulatingskoret, vaksne fra heile kommunen og elevar ved skulane i Brekke, Dalsøyra og Eivindvik.

Kor:

Gulatingskoret

dirigent:

Agnar Mostrøm

Kostyme:

Kari Øvstdal, Gunnhild Mongstad, Helen Randal, Borgny Brosvik, Hildegunn Rutledal

Sufflør:

Gunn Tone S. Skauge

Orkester:

Manger Musikklag

dirigent:

Øyvind Storheim

Scene/kulisar/rekvisita:

Tor Njøten, Erling Øvstdal, Sverre Kjelby, Nils Knarvik, Gulen Pensjonistlag

Scenograf: **Jack Markussen**

Kostymedesign: **Trude Bergh, Marianne Forsberg**

Maske: **Torunn Løken**

Torleif Lagmann

Bisp Mikjal

Arinbjørn Toreson

Tord frå Aurland

Sote Erikson

Berse Gudlaus

Broder Jatmund

Bondeleiar

Magnor Midtun

Stein Sandemose Baardsen

Sverre Kjelby

Tor Leif Mongstad

Vidar Reknes

Gorm Evensen

Erling Øvstdal

Einar A. Thune

Tommy Normann

Utheva tekst: Profesjonelle skodespelarar

* = Amatørskodespelarar i rolla utanfor kystsogevekene

Sminke:

Irene Bøe, Gerd Heggernes,

Irene Mongstad, Elin

Kvamme, Anne Overdevest,

Grete Overdevest, Iselin

Atterås, Berthe Haveland,

Aina Neverdal, Evelyn

Bjørge

Arbeidsgruppe:

Tor Leif Mongstad, leiar

Ingrid Hellwege Haveland

Olav Oppedal

Sverre Kjelby

Tor Njøten

Vertskap:

Gulatingset/Håkonarspelet i

Gulen

Gulen Kommune og
Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Produksjons-
ansvarleg/
inspisient

**INGRID H.
HAVELAND**



har jobba som instruktør for Ungdomslag og 4H sidan 1976. Ho har skrive barneteaterstykker, eit historisk spel og omsett skodespel, musikkspel og revynummer til nynorsk. Ho er sjølv ein aktiv revyskodespelar. Ingrid Hellwege Haveland var også lokal produksjonsansvarleg og inspisient i 1997 og 98.

Kvedar:

ELIN

PEHRSON

GRYTTING



har i mange år arbeidd med folkemu-
sikk – og dansetradisjonane i Sogn
og Fjordane både som utøvar,
pedagog og innsamlar. Elin er
busett på Sandane i Nordfjord og
er til dagleg tilsett i den fylkes-
kommunale folkemusikkgruppa i
Sogn og Fjordane som fylkeskve-
dar. Ho har musikkutdanning frå
Østlandets Musikkonservatorium
med obo som hovudinstrument.
Elin vert i dag rekna som ei av dei
fremste formidlarane i landet når
det gjeld vokal folkemusikk og ho
er A-klassing på Landskappleik.
Ho har vore med på festivalar og
konsertar i inn- og utland og har
vore å høre i både radio og TV.
I 1998 ga ho ut CD'en «Almuens
Sanger. Diktar-presten Claus
Frimann». Utgjevinga
«Skumringstimen. Songtradisjonar
frå Sogn og Fjordane», bok m/2
CD som kom i 1998, der ho var
med i red. komitéen.



Om handlinga i spelet og kort om bakgrunnen for hendingane:

 Han bad dei då senda bod til Eirikssønene at dei skulle vera kongar over landet; men han bad dei vera gode mot venene og frendane hans: «men endå om det skulle vera så laga at eg skulle leva lenger,» seier han, «så vil eg fara frå landet til kristne menn og bøta det som eg har forbroti mot Gud. Men om eg dør her i heidenskapen, så skal De jorda meg som De sjølve synest».

Like etter døydde kong Håkon der på hella, der han vart fødd.

Frå Snorre

På Håkonshella kjem Håkon den Gode til verda, son av Harald Hårfagre og Tora Mostrastong frå Moster. Sigurd Ladejarl er gudfar til kongesonen og gir han namnet Håkon etter far sin. Her skal Håkon sidan døy.

Håkonshella blir såleis eit ankerfeste i livet til Håkon den Gode, og slik vert staden også skildra i spelet: Det er hit han kjem attende etter oppfostringa i England, når han får bodet om at far hans, kong Harald er daud. Han er 15 år gammal, etter soga, og blir teken til konge av trønderane etter kongsval i Trøndelag.

Korleis det gjekk føre seg at Håkon vart teken til konge på Frostatinget er ei sentral hending i spelet, og ein scene går såleis føre seg i Trøndelag. Konge for heile landet er han enno ikkje. Det tek fleire år. Bror hans, Eirik Blodøks, rår over store delar av landet. Håkon kjem til Noreg som ein kristen. Han er sterkt i si unge tru, men vil først vinna landet og fullt kongsnamn, sidan vinna folket for Krist.


Ein scene går føre seg på Seim der unge Ulvhild kjem med bod til Tora kongsmor. Siste scene skildrar Håkon si siste kome til Håkonshella der han dør med sine trufaste kring seg.

Songen *Endelaus, endelaus, endelaus* er nyskriven for spelet.



BYGGKJØP
FLORVAAG BRUK

Minde allé 43 Postboks 280 MINDE
5826 BERGEN
Tlf.: 55 59 63 00 FAX.: 55 59 63 50
E-MAIL: firmapost@florvaagbruk.no



- trygt å bygge på!

På jakt etter tomt?

*Vi kan tilby
byggeklare tomter
til alle formål.*



A.S BERGEN TOMTESELSKAP

Solheimsgaten 9
Postboks 7335, 5020 Bergen
Tlf: 55 59 91 00
Fax: 55 59 91 01
E-post: bergen.tomteselskap@bts.no






foto: Hans Jørgen Brun

Helsing frå ordføraren i Bergen


Det er ei glede å kunne ynskje velkommen til Bergen og spelet om Håkon den Gode også i 1999. Håkonarspelet som er knytt til Bergen, har fått namnet Håkon Adalsteinfostre.

Håkon den Gode vart fødd og døydde på Håkonshella. Staden var difor viktig i Håkon sitt liv. Dette har kome klårt fram gjennom spela i tidlegare år, og spelstaden inne på Haakonsvern egnar seg svært godt.

Ungdomslaget «Spiren» frå Håkonshella, som vart stifta i 1909, har i år teke på seg produksjonsansvaret for spelet dette året, noko som syner at 90 år er ingen alder! Eg vil ynskje «Spiren» og alle aktørar til lukke med arrangementet!

Vel møtt på spelstaden Haakonsvern laurdag 14. august!


Ingmar Ljones
- Ordførar -



Håkon Adalsteinfostre og Tora Mosstrand.
Foto: Oddmund Lunde, Dagbladet.

Fra
Håkonarspela
1997

Agnete G. Haaland som
Tora Mostrastong,
Grethe Mikalsen som
Ulvhild Hjaltedotter og
kvinner i spelet. Foto:
Linbjørg Sæterdal



Menn i spelet.
Foto: Lindbjørg
Sæterdal



Agnete G. Haaland som Tora Mostrastong, Paul-Ottar Haga som Kong
Håkon og Rosalind Johannesen som Huld. Foto: Linbjørg Sæterdal.

Produksjons-
ansvarleg:
**UNGDOMSLAGET
«SPIREN»**

Formann: Eirik
Håkonshellen
Sekretær KSV: Jan
Henri Jensen
U.L. Spiren blei etablert
på Håkonshella i 1909.
Ungdomslaget feirar 90-
årsjubileum til hausten i
eige ungdomshus.

Regiassistent:
**CHRISTIAN
VENGE**
er offiser i
sjøforsvaret
og arbeider
som instruktør på Knm
Tordenskjold/Sambands
skolen. Det meste av
fritida går med til teater-
verksemd. I tillegg til
regioppgåva på
Håkonvern, er Christian
Venge instruktør for
Sotra Teaterlag.





Andre medverkande:

Terner:

Jorunn Henriksen
Magnhild Konopka
Gerd Sydow
Margot Paulsen
Anny Håkonshellen
Anne-Berit Venge
Sissel Andersen
Britt Lunestad

Hirdmenn:

Knut Ludvigsen
Trond Ludvigsen
Jens-Petter Hammervik
Tom Helland
Bjørn Lunestad
Vidar Kristiansen
Rolf Henriksen

Barn:

Lotte W. Silnes
Elisabeth Steiro
Malin Andersen
Jenny Lunneng
Christoffer Paulsen
Eivind Nilsen
Anne S. Rognstad
Ingrid Lunestad
Erika Berger
Sigbjørn Lunestad
Aleksander Andersen

Av Johannes Heggland

Musikk: **Knut Vaage**

Regi: **Otto Homlung**

Medinstruktør: **Christian Venge**

Håkon den Gode
Tora Mostrastong
Jorunn Skjoldmøy
Øyvind Skaldaspille
Broder Jatmund
Torleif Lagmann
Sigurd Ladejarl
Ulvhild Hjaltedotter
Hjalte Skjeggson

Tor Bjørge
Agnete G. Haaland
Kjersti Wiik
Stein Arild Espeland
Inge Økland
Jørgen Moe
Roar Andersen
Grethe Mikalsen
Ottar Fjell

Produksjonsansvarleg:

Ungdomslaget «Spiren»

Dirigent:

Reid Gilje

Administrasjon:

Loddefjord Kulturkontor

Sufflør:

Ingeborg Lothe Søraa

Inspisient:

Gro Heidi Myking

Kostyme:

Magnhild Konopka, Gerd Sydow, Jorunn Henriksen, Liv Ludvigsen, Kathy's skinnosm, Mathopen lag av kvinne og familieforbundet Operakor

Kor:

Songarar frå Follesø
Mannskor og Bergen
Operakor

Lyd:

Pål Nygård

Orkester:

Laksevåg Musikkforening



Scenografi: **Jack Markussen**

Kostymedesign: **Trude Bergh, Marianne Forsberg**

Maske: **Torunn Løken**

Huld, kona hans	Rosalind Johannesen
Fjolne, træl	Tor Kristian Bleikli
Åsbjørn frå Meldalhus	Håkon Fredheim
Ei terne åt Fjolne	Kristin Saltkjelvik
Ørn Åkeson	Vidar Venge
Tora kongsdotter	Stine Myking
Hærsvlein	Karstein Hitsøy

Utheva tekst: Profesjonelle skodespelarar

*= Amatørskodespelarar i rolla utanfor kystsogevekene

Sminke:

Lillian Haugsdal, Siw Nygård, Linda Nygård, Christine Gullaksen, Linda Sydow, Jannicke Nilsen, Linn T. Larsen

Samarbeid med:

Vestlandets sjøforsvarsdistrikt, Haakkonsvern, Nymarksbanen, skulane i Loddefjord bydel, Rieber Skinn AS, Vestkanten AS, BYGGMAKKER Paal Kahrs, Stor-Bergen Boligbyggelag, Nordan AS

Bodsal på Haakonsvern:

U.L. «Spiren» og Loddefjord brukskunstlag, Øistein Paulsen – lokalhistoriske bøker

Vertskap:

Vestlandets Sjøforsvardsdistrikt, Loddefjord bydel, Bergen Kommune, Loddefjord Kulturkontor, U.L. «Spiren»

Arbeidsgruppe:

Lokalkomitéen for Bergen, Alvøen lokalforening, Rosalind Johannesen, Christian Venge

Kor

Koret er samansett av 16 songarar frå Follesø Mannskor og 8 frå Bergen Operakor.

Follesø Mannskor

Stifta 20.01.1914, og har såleis 85-årsjubileum i år. Koret tok del i 1000-årsminne på Håkonshella 17.06.61 for Håkon den Gode sin fødsel på Håkonshella. I det høve var Kong Olav til stades. Fast dirigent for koret er Anne-Kristine Hopsdal.

Bergen Operakor:

Fast dirigent: Anne Randine Øverby

Laksevåg

Musikkforening:

Stifta 15. august 1895 av arbeidrar ved Granneverftet på Laksevåg då dei trengte musikk ved stabel avløping. Under krigen fungerte foreningen som eit sangkor då dei ikkje ville spela for tyskarane. Dei spelte janitsjarmusikk fram til 1991, deretter brass-band.



Om handlinga i spelet og kort om bakgrunnen for hendingane:

*Kongen kastar ei brynze på seg og spenner om seg sverdet Kvernbit,
han sét ein gull-slegen hjelm på hovudet sitt, tek eit sjput i handa og skjold ved sida;
då stellar han hirda i ei fylking i hop med bøndene og sette opp merka sine.*

Frå Snorre*

På Fitjar fekk Håkon den Gode ulivssåret. Slaget på Fitjar er den sjølvskrivne sentrale hendinga i spelet. Men spelet kastar også lys over ei anna historisk hending der Håkon den Gode står i sentrum: Varde- og leidangskipnaden langs kysten, eit omfattande system for å varsle kongen og folket om fiendar som var på veg. Håkon var svært streng når det gjaldt «falsk varsling»; ein skulle ikkje sløsa med mann og ved i utrengsmål. Leidangsskipnader var svært ressurskrevjande. Bjørn Svarte må i spelet bøta for dette. Oppgjeret mellom Håkon den Gode og Bjørn Svarte er ei sentral hending i spelet.

Håkon har styrt landet i 26 år når han kjem på vitjing til Fitjar. Eirik Blodøks er daud. Son konge av Jorvik (York) fall han i slag i England. Dronning Gunnhild og dei unge sønnene til kong Eirik drog til Danmark etter dette. Der fekk ho hjelp av danskekongen som gjerne såg at han fekk fotfeste i Vika og på Agder. Eirikssønnene har vore på fleire hærferder mot kong Håkon, men har ikkje vunne siger - før no, i slaget på Fitjar. Ein scene går føre seg Danmark hos Eirikssønnene.

I spelet møter vi og Tora kongsdotter. Sidan Håkon den Gode ikkje har nokon son, kan Tor ikke giftast bort til kven som helst. Utanom dei historiske personane er her med ein del bygdefolk.

Songen *Ein Håkon trødde på Englands jord* er nyskriven for spelet.

*Omsett av Steinar Schjøtt, revidert utgåve ved Rolv Thesen og Sigmund Moren, Gyldendal 1964.



Frå Håkonarspelet 1998

Lasse Lindtner som Kong Håkon, Martin Hatlevik som Torleiv Lagmann.



Sissel Jørgensen som Udma
Fiskreke og Leif Sigurd Larsen
som Olmod Årman.



Barn og kvinner i spelet.





Helsing frå ordføraren i Fitjar

For tredje gong ynskjer me velkomen til Fitjar med Kystsogeveker og «Kongen med Gullhjelmen».


Etter at spelet vart oppsett tre gonger i Spania i fjor haust er me no klar for ny framføring i Håkonarparken i Fitjar. Me kan venta oss eit enno betre spel etter impulsar frå «Den store verda». Me vonar difor at mange tek turen til Fitjar denne helga.

Organiseringa av «Kongen med Gullhjelmen» er flytta frå Fitjar kommune og vert no gjennomført av ei lokal Stifting der fleire bedrifter, lag og organisasjonar i bygda tek del. Dette trur me vil gje spelet ei god plattform for vidare utvikling, til glede for publikum og aktørar.

Spelet i år vert 21. og 22. august, og me ser fram til ei stor oppleving med lokale aktørar både som dronning og konge – og ikkje minst spanske musikarar.

Du er hjarteleg velkommen som vår gjest i Fitjar under dei siste Kystsogevekene dette tusenåret.

Odd Bondevik
-ordførar-



EI LOKALKULTURELL STIFTING-FITJAR

Håkon den Gode


- Håkonarparken/Fitjar -

**Frå
Håkonarspela
1997 og 1998**


Svein Kåre Meling
som Tord Horda-
kåreson og Terje Træet
som Bjørn Kvite



Birgitte Drønen som
Tora Håkonsdatter.
Foto: Per Egil Larsen



Sissel Jørgensen som
Udna Fiskreke.
Foto: Per Egil Larsen



Medinstruktør:

**JOHN
STAVLAND**



John Stavland er produksjonsleiar og instruktør ved Hordaland Teater og har vore tilsett ved teatret siden 1991. Han har hatt varierte regioppgåver ved teatret som: stort kyrkjespel i Fana kyrkje med profesjonelle og amatørar, figurteaterframssyningar og teaterframssyningar med ungdom. Siste regioppgave ved Hordaland Teater var kritikarrostete «Guten og Gullfuglen» med premiere november 98. Johan Stavland var regiassistent ved det første Håkonarspelet på Fitjar som hadde urpremiere i august 97.

**Regiassistent:
SOLVEIG
THUNESTVEDT**



er fødd og oppvaksen på Bømlo. Ho flyttar til Fitjar i 1985. Solveig er lærarutdanna.

Ho er i dag tilsett ved Rimbareid barne- og ungdomsskule. Ho har vore sufflør og regiassistent i Håkonarspelet.

**Styreleiar:
ANNE SOFIE
DRØNEN**



er fyrste styreleiar i «Stiftinga Håkon den Gode – Fitjar». Ho er oppvaksen i Os kommune.

Seinare reiste ho til Trøndelag, men var busett i Liverpool i tre år før ho flyttar til Fitjar. Er lærarutdanna og har for tida arbeidsstaden sin på Rimbareid skule. «Pia» likar folkedans, og prøver seg også på To-radaren. Ho har i år teke den krevjande rolla som Tora Mostrastong i Håkonarspelet på Fitjar



Andre medverkande:

Terner:

Sylvi Nysæter,
Randi Tverderøy
Kjersti Nordtveit
Silje Linge Haaland

Beate Bondevik

Helene Larsen

Bondekoner:

Aslaug Aarbø
Anne Marie Rød
Hildur Fitjar
Anne Grethe Hatlevik

Born:

Karina Haaland
Runar S. Skogedal
Ida Marlen Stokken
Vibeke Larsen
Rannveig M. Berrefjord
Åshild Aadland
Hanne Thunestvedt
Andreas Helland
Sigve Gerhardsen
Tor Eivinn Haaland
Vegard Linge Haaland
Espen Hatlevik
Theodor Drønen
Ole Kristian Rydland
Ivar Helland
Elisabeth Lunde
Edwina Quarri
Andreas Tufteland
Engelsen
Tor Gunnar Andersen

Statistar:
Osternes Mannskor

Hirdmenn/bønder:
Leif Vestbøstad

Av **Johannes Heggland**

Musikk: **Knut Vaage**

Ouverturen «**Håkonsiana**» - **Ketil Hvoslef**

Regi: **Otto Homlung**

Medinstruktør: **John Stavland**

Håkon den Gode

Tora Mostrastong

Jorunn Skjoldmøy

Øyvind Skaldaspille

Broder Jatmund

Udna Fiskreve

Tora Håkonsdotter

Olmod Årman

Tord Hordakåreson

Torleiv Lagmann

Lasse Lindtner

Anne Sofie Drønen

Tove Linge Haaland

Stein Arild Espeland

Arve Rydland

Sissel Jørgensen

Birgitte Drønen

Salomon Aarbø

Svein Kåre Meling

Martin Hatlevik

Regiassistent:

Solveig Thunestvedt

Dirigent:

Helge Haaland

Inspisient:

Bente Larsen

Sufflør:

Turid Løtvedt

Kor:

Osternes Mannskor

Kostymearbeid:

Else Vestbøstad, Hildur Fitjar, Petra Espenvoll, Kirsten Tufteland, Aud Aarskog, Svanhild Kloster, Ingeborg Brekke, Madli Johnsen, Ingrid Tveita

Orkester:

Spanske musikarar
frå musikkadademiet i
Rafael

Sufflør:

Turid Løtvedt

Rekvista:

Odd Espenvoll

Scenografi: **Jack Markussen**

Kostymedesign: **Trude Bergh, Marianne Forsberg**

Maske: **Torunn Løken**

Bjørn Kvite	Terje Traet
Bjørn Svarte	Jørund Fjøsne
Dronning Gunnhild	Torhild Andersen
Harald Eiriksson	Annvald Tufteland
Erling Eiriksson	Tore Tverderøy
Alv Askmann	Kjetil Rydland
Kisping	Arne Vestbøstad
Terne åt Tora	Ann Elin Westerheim

Utheva tekst: Profesjonelle skodespelarar

* = Amatørskodespelarar i rolla utanfor kystsogevekene

Sminke:

Aslaug Aarbø, Vibeke Strand, Rannveig Vik, Anne Helland, Marta Irene Stokken, Kjersti Nordtveit, Celin Sagenes, Ellinor Bergesen, Ane Synnøv Haaland, Lene Rimbereid.

Samarbeid med:

Fitjar kommune
Lag og organisasjoner,
Fitjar Kraftlag,
Engevik og Tislevoll AS,
Odd Larsen AS,
Vik & Sandvik AS,
Telenor Bedrift,
Sunnhordland Kraftlag
Fitjar Mek. Verkstad AS.

Vertskap:

Stiftinga Håkon den Gode - Fitjar

Styret i Stiftinga:

Anne Sofie Drønen (leiar)
Leif Sigurd Larsen
Marianne H. Gausvik
Odd Bondevik
Bjørn Haaland

OSTERNES MANNSKOR

vart skipa i 1934 og kan no sjå tilbake på ein 65 års samanhengjande korsongtradisjon i Osterneskrinsen.

Medlemstalet har svinga mellom 13 og 20 og er i år på rundt 20. Mikal Hageberg er dirigent og har leia koret i 40 år. Koret innøver eit utval på 25-30 songar i året, med hovudvekt på vår klassiske norske song- og salmeskatt, men nyare arrangement av shanties, negro spirituals og skjemteviser får og innpass i repertoaret.

MUSIKARAR FRÅ SPANIA

Håkonarspelet frå Fitjar hadde hausten 98 gjesteoppptreden under teater og musikkfestivalen i byen Elche i Alicante-provinssen i Spania. Ved tre ulike oppsetningar brukte me spanske musikkstudentar og profesjonelle musikarar til å handtera musikken til «Kongen med Gullhjelmen». Litt av tanken med Spania-turen var å knyta kulturelle kontaktar over landegrensene. Dette ser me no resultat av når me i år får besøk av dei same elleve musikarane som me vart kjende med under opphaldet i Elche.



Om handlinga i spelet og kort om bakgrunnen for hendingane:

*Venene hans flytte liket hans nord til Seim i Nordhordland og kasta opp
ein stor haug der og la kongen inni, heilt væpna og i den beste
kledebunaden, men utan anna gods. Dei tala så over grava hans,
som det var skikk hjå heidningar, og viste han til Valhall.*

Frå Snorre


På Seim låg ein kongsgard der etter soga såvel Håkon den Gode som Harald Hårfagre ofte heldt seg. I spelet møter vi først ein aldrande Harald Hårfagre, sitjande på kongsgarden. Unge Håkon er berre 10 vetrar og har for det meste tilhald hos mor si, Tora Mostrastong, på garden Vatnar som kongen har bygt åt henne nær ved. Vi får sjå korleis det går til at Harald sender son sin til oppfostring hos kong Adalstein i England og korleis Håkon får sverdet Kvernbit. Vi er også til stades med Håkon hos hoffet til kong Adalstein der vi møter kjende menn som Hauk Håbrok og Egil Skallagrimson.

Femten år gammal kjem Håkon att og blir teken til konge av trønderane med Sigurd Ladejarl si hjelp. Vi opplever Håkon sitt beiske tap på Mære (Sparbu sør for Steinkjer), der han må gi etter for bøndene og vera med i den heidenske blotinga. Sidan møter han mor si som no har teke ved kristentrua; ho bed han vera sterk og ikkje svika Krist. Men Håkon vinn ikkje over nederlaget. I siste scene blir heimkomma til den falne kongen skildra. Håkon den Gode blir gravlagt på Seim.

Songen *Frå utgamal tid låg ein kongsgard på Seim* er nyskriven for spelet.

*Frå Håkonarspelet
1997*

Leif Egil Vatnøy som Kong Adalstein, Johannes Rydland som Egil Skallagrimsson og Inge Åsebø som Kongesbispen.
Foto: Roald Straume




Paul-Ottar Haga som Kong Håkon og Agnete G. Haaland som Tora Mostrastong.
Foto: Arne Åseth



*Jon Hopland som Åsbjørn
frå Meldalhus.*
Foto: Roald Straume.





Helsing frå ordføraren i Lindås

Spelet om Håkon den Gode «Håkonarvarde» av forfatteren Johannes Heggland, som nylig runda 80 år, vert framført på Seim for tredje gong. Dette let seg gjera grunna ein ihuga innsats frå svært mange.

Håkon den Gode levde på slutten av det første tusenår, vi er inne i slutten av det andre og lat oss ta med historia vår og når vi om nokre månader tek steget inn i eit nytt tusenår.


Eg vil få ynskja dykk alle vel møtt til ei stor kulturell opplevelse på Håkonshaugen i Seim gjennom dei to speldagane 28. og 29. august.

Atle Kålås
- Ordførar -



Paul-Ottar Haga som Kong Håkon. Foto: Arne Årseth

Fra
Håkonarspelet
1997



Leif Egil Vatnøy som Kong Adalstein og Petter Vik Fjellstad som Håkon.



Paul-Ottar Haga som Kong Håkon og Karstein Moldøen som Sigurd Ladejarl.
Foto: Hans E. Storheim.



Jon Hopland som Åsbjørn frå Meldalhus.
Foto: Roald Straume.

Prosjektleiar:


**ALF G.
NORDAHL**

kjem frå Kragerø. Han bur på Myking der han saman med familien, driv gard med oppdrett av fjordhestar. Han er utdanna skulemann og jobba i Lindåsskulen, som rektor fra 1980. Sist på Lindås barneskule. I 1994 vart han tilsett, som flyktning-koordinator i Lindås kommune. Dei to siste åra har han delvis permisjon frå flyktningearbeidet for å ta hand om Håkonarspelet og Kystsogevekene i Lindås kommune.

Leiar i stiftinga
Håkonshaugen:

**ATLE
KÅLÅS**

bur på Leiknes. Han er byggmeister og driv eit mindre byggmeisterfirma samt eit lagerutsal av byggevarer på Hjelmås. Turar i skog og mark og reiseverksemder noko av syslene i fri-tida. Ei av hovudoppgåvene frametter er å vidareutvikla Håkonshaugen og området ikring.





Andre medverkande:

Kvinne i fylge:

Catrine Kvamme

Sveinar:

Steinar Hagesether

Halvard Dalland

Barn:

Reidun Aarra, Therese H. Johansen, Camilla Hopland, Lillian Hopland, Silje Skår Jakobsen, Synne Ones.

Seim Songkor



Instruktør
ARVID ONES
er ein ekte
«Lindås-gut»,
oppvaksen på
Ones. Han er
utdanna skode-

spelar ved Statens Teaterhøgskole i Oslo, og har sidan jobba som skodespelar rundt om i landet. Dei 10 siste åra ved Den Nasjonale Scene i Bergen. Arvid har etter kvar fått brei erfaring som instruktør, i hovudsak oppsetjingar på DNS: *Pippi Langstrømpe*, *Brødrene Østermanns Huskors*, *Ole Brumm* og sist *Patric I.* som gjekk for fulle hus på Lille Scene i vår. Han har hatt ei trygg hand over fleire av dei lokale revyoppsetjingane i Ungdomshuset på Hundvin, med bl.a. *Jeppe på Bjerget*. Arvid har dessutan satt opp fleire revyar «i byd'n»; både på hotell Norge og Rick's. Han står bl.a. bak suksessen *Kvinner på Randen* og vil i tillegg til *Håkonarspelet* også ha ansvaret for Seim Songlag's forestilling *Dampen* i forbindelse med KB 2000. Arvid har i desse dagar permisjon frå DNS, og vi vil kunne sjå han som skodespelar i TV 2's nye situasjonskomedie *Fantastiske foreldre* neste haust.

Av Johannes Heggland

Musikk: Ketil Hvoslef,

Ouverturen «Håkonsiana» - Ketil Hvoslef

Regi: Otto Homlung

Medinstruktør: Arvid Ones

Håkon den Gode

Bjørn A. Willberg Andersen

Ivar Hopland*

Agnete G. Haaland

Sissel Askeland*

Kjersti Wiik

Vigdis Åsgård*

Stein Arild Espeland

Ivar Hopland

Hermund Nesse

Petter Vik Fjellstad

Knut Magne Molvik

Ivar Hopland

Karstein Moldøen

Erik Arne Eknes

Jon Hopland

Tora Mostrandong

Jorunn Skjoldmøy

Øyvind Skaldaspille

Kongen sin væpnar

Broder Jatmund

Håkon 10 år

Harald Hårfagre

Kongevakt

Sigurd Ladejarl

Hauk Håbrok

Åsbjørn fra Meldalhus

Prosjektleiar:

Alf Gustav Nordahl

Sufflør:

Gunn Tone S. Skauge

Kor:

Seim Songkor

Dirigent:

Leif Egil Vatnøy

Kostyme/rekvisita:

Marit Konglevoll, Grethe Spurkeland, Margit Rydland, Marit Rydland, Bibbi Pletten, Berit Nesse Børslid, Reidun Aasheim Langesæter, Randi Straume

Orkester:

Eikanger-Bjørsvik

Musikklag

Kapellmeister:

Knut Harald Rydland

Scene/kulissar:

Bjørn Herland

Scenografi: **Jack Markussen**

Kostymedesign: **Trude Bergh, Marianne Forsberg**

Maske: **Torunn Løken**

Kong Adalstein	Leif Egil Vatnøy
Egil Skallagrimsson	Johannes Rydland
Kongsbispen	Inge Åsebø
Kongens Hird	Jarle Skjelvik
Kongens Hird	Roald Straume
Hoffterne	Kirsten Hagesether
Tora Håkonsdotter	Randi Kristin Kvalvågnes
Svein åt	Espen Hopland
Øyvind Skaldaspille	Brit Hansen
Terne åt Tora	Berit Ohnstad
Terne åt Tora	

Utheva tekst: Profesjonelle skodespelarar

*= Amatørskodespelarar i rolla utanfor kystsogevekene

Sminke:

Marit Hopland, Lene
Reinersen, Kari Haugland,
Astrid Risa, Oda Spurkeland,
Svanhild Spurkeland,
Jorunn Kvalvågnes, Inger
Abelsen

Produksjonsansvarleg:

Styret i stiftinga
Håkonshaugen, Leiar Atle
Kålås, nestleiar Einar Vatne,
Rune Rydland, Svanhild
Tofting, Jan Spurkeland.

Samarbeid med:

Grendahuset Strilatun L/L

Vertskap:

Lindås Kommune

SEIM SONGKOR

vart skipa i 1974 og har idag 33 medlemmer. Koret har gitt konserter med artistar som Tove Karoline Knutsen, Geirr Lystrup og Ytre Suløen. Repertoaret spenner frå klassisk renessansemusikk via Edvard Grieg til moderne musikalar. Leif Egil Vatnøy har vore dirigent og musikalsk leiar sidan 1994.

EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG

vart skipa i Lindås kommune i 1949 og har i år 50-års jubileum. Eikanger-Bjørsvik Musikklag har i mange år vore eit messingensemble av høgastle klasse med suksess såvel i Noreg som på kontinentet. Bandet har markert seg med ein eigen spelestil og etterkvart fått lovord også i det kritiske brassbandmiljøet i Storbritannia. «The Eikanger Sound» er der blitt eit positivt omgrep. Bandet gjev omlag 40 konserter i året. I tillegg har dei byrja å opparbeide seg eit ry som eit framifrå dansesband. Også i år kjem Eikanger-Bjørsvik Musikklag med to nye CD'ar, sjette og sjunde i rekka. Både er oppfølging av CD-utgjevinga i 98. Best by Farr vol. II, er det Elgar Howarth som har arrangert. Herkan du mellom anna høyrta den verdskjende svenske trompetisten Håkan Hardenberger. Saman med sjefsdirigent Howard Snell stakar Ray Farr og Elgar Howarth ut kursen vidare for ensemblet, med vekt på allsidig musikk som treffe eit stort publikum. I år vann Eikanger-Bjørsvik Musikklag norgesmeisterskapet for brassband, som kvalifiserer dei til europameisterskapet i år 2000. Så hermed er engelske brassband advart.

«Håkon Adalsteinsfostre i Gula»

Flolid/
Eivindvik



Foto: Frode Søreide, Ytre Sogn Avis

«Håkon Adalsteinsfostre»

Haakonsvern/
Håkonshella



foto: Linbjørg Saeterdal

«Kongen med Gullhjelmen»

Håkonarparken/
Fitjar



«Håkonarvarde»

Håkonshaugen/
Seim



foto: Hans
E. Storheim

SpareBank 1 Vest

Ansvarleg utgjevar: Stiftinga Kystsogevekene.
Programredaksjon: Nina Randal
Utdriving: Ragna Aarli
Bunnfoto: Magne Ahjem